

Ansvarsgrupper i Meland, ei oversikt per mars 2015

Bakgrunn

På oppdrag frå Britt Romarheim og Helge Kvam har eg gått gjennom informasjon om ansvarsgrupper som er aktive i Meland kommune. I møte fredag 6. mars blei eg beden om å laga eit notat om det eg har funne så langt i undersøkinga. Notatet er for bruk i samanheng med leiarsamling 10-11. mars.

Individuell plan, koordinator og ansvarsgruppe

Å opprette individuell plan og koordinator for brukarar med behov for langvarige og koordinerte, tenester er ei plikt som ligg til helse- og omsorgstenesta i kommunane og helseføretaka. (Individuell plan, rapport Helsedirektoratet, 12. februar 2015

<https://helsedirektoratet.no/individuell-plan-rehabilitering-og-habilitering/individuell-plan>)

Heimelsgrunnlaget finn ein i «Forskrift om Habilitering og Rehabilitering, Individuell Plan og Koordinator» (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1256>) §21: «For pasienter og brukere med behov for langvarige og koordinerte tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven, skal kommunen tilby koordinator, jfr helse- og omsorgsloven § 7-2. Dette gjelder uavhengig av om pasienten eller brukeren ønsker individuell plan.»

Det går fram av forskrifta at planarbeidet må koordinerast, og det er vanleg å utpeike ein koordinator, og å etablere ansvarsgrupper for kvar individuell plan med representantar for dei aktuelle tenestesyttarane. Mange kommunar har lagt ut informasjon om prosedyrane sine omkring dette på Internett (eksempel: Bodø, <http://bodo.kommune.no/ansvarsgruppe/category6566.html>)

Metode

Oppdraget let seg ikkje gjera utan innsamling og analyse av data frå fleire kjelder. Data er samla frå relevante og tilgjengelige datasystem og samtalar med relevant personell.

Informasjonen vart lagt inn i eit rekneark (Microsoft excel) som gjer det mogeleg å få ei samla oversikt over det arbeidet som blir gjort og dei ressursane som blir nytta på dette området i Meland kommune. Det er lagt vekt på at reknearket (og dette notatet) skal vere utforma slik at det ikkje gir informasjon knytt til identifiserbare enkeltindivid.

Antall brukarar

Til no er informasjon om 77 brukarar lagt inn i materialet. For ein brukar er informasjonen mangelfull, så det meste av statistikken vil måtte baserast på 76 brukarar. Det er grunn til å tru at totaltalet brukarar som får koordinerte tenester over tid, og som med det har rett på koordinator, er høgare. Brukarar har rett på individuell plan, men òg rett til å avslå å ha slik plan.

Tala på IP er pt 39 totalt. Av dei er 29 etablert i Sampro.

Aldersfordeling

Tabell 1: aldersfordelinga av 76 ansvarsgrupper i 2015 .

Alder	Antall	%
0 - 6 år	9	12
7 - 14 år	24	32
15 - 24 år	17	22
25 - 49 år	20	26
50 år +	6	8

Tala for 2015 viser at 66% av brukarane er yngre enn 24 år, og dermed potensielt i ein utdannings- og etableringssituasjon.

Måten materialet er registert på gjer det mogeleg å vidareføre registrering fortløpande.

Tabell 2 Aldersfordeling 2020 for dei som no er registrerte i oversikta.

Alder	Antall	%
0 - 6 år	0	0
7 - 14 år	16	21
15 - 24 år	25	33
25 - 49 år	26	34
50 år +	9	12

Det er lagt til rette for enkelt å kunne berekne kva som vil være aldersfordelinga mellom dei allereie registrerte brukarane for kvart år framover. Eit eksempel, år 2020, er gitt i tabell 2.

Framskrivninga åleine har avgrensa verdi som planleggingsverktøy, ettersom fleire brukarar vil vera registrerte i mellomtida. Det er grunn til å tru at desse vil være i dei yngre aldersgruppene. Den låge andelen brukarar i dei høgre aldersgruppene kan vera ein indikasjon på at totaltalet brukarar vil auka i åra framover, ettersom ein ikkje kan pårekna "naturleg avgang". Det er òg mogeleg at eldre med samansette behov i mindre grad enn andre aldersgrupper er registrerte som brukarar av koordinerte tenester.

Koordinator

Til nå er det registrert 14 koordinatorar, som i gjennomsnitt har ansvar for 5 brukarar. Antallet varierer frå 1 til 27 brukarar pr. koordinator.

Koordinatorane er rekrutterte frå heimetenesta (8), helse (5) og PPT (1).

Av dei 77 brukarane har 52 koordinator frå heimetenesta, 17 frå helse og 8 frå PPT.

Fordelinga av koordinatorane mellom tenestene er i tråd med Helsedirektoratet sin rapport, der dei påpeker at ansvaret for koordinerte teneste/ individuell plan ligg hjå kommunens helse- og omsorgsteneste.

Deltaking i ansvarsgrupper

Hensikta med ansvarsgrupper er å sikra eit godt samarbeid mellom tenestene for brukarane som har behov for det, og at brukaren har ein reell medverknad.

Eg har sett på i kva grad dei ulike tenestene deltek i ansvarsgruppene i Meland kommune.

Tabell 3, Deltaking i ansvarsgruppene

Teneste	Ansvars- grupper	%	Repre- sentasjon	%	Tilsette	%
Heimeteneste	30	39	44	18	9	10
Helse	58	75	98	40	21	24
PPT	25	32	26	10	10	11
Skule	35	45	64	26	32	37
Barnehage	8	10	13	5	12	14
Barnevern	3	4	3	1	3	3

Forklaring til tabell 3:

Grupper: Ansvarsgrupper som har representantar frå den angjevne tenesta.

%: Prosent av ansvarsgruppene (totalt 77) som har representant frå den angjevne tenesta.

Representasjon: Summen av antall representantar for tenesta som deltek i ansvarsgruppe. Når ei teneste har meir enn ein representant i ei gruppe, er antallet summert. Ein tilsett som deltek i fleire grupper er tatt med fleire gonger.

%: Prosentdelen av total representasjon (totalt 248).

Tilsette: Antall tilsette som deltek i ei eller fleire ansvarsgrupper.

%: Prosent av alle deltakarane (totalt 87)

NAV er representert i 12 ansvarsgrupper. Eg har til nå ikkje funne tall for kor mange tilsette som deltek, og kor stor representasjonen er i kvar ansvarsgruppe.

42 av ansvarsgruppene har og representantar for andre tenester eller institusjonar enn dei som er med over, i stor grad frå spesialisthelsetenesta.

Eg har registrert navngitte deltakarar i den grad eg har hatt tilstrekkeleg oversikt, totalt 106 personar, men ein god del deltakarar er registrert som «ukjent», særleg dei frå NAV, skule og eksterne instansar. Reell deltakelse er dermed høgare enn materialet viser.

Drøfting

Arbeidet har vore krevjande og interessant. Prosedyrane for ansvarsgruppene er gamle, og ikkje justerte til dagens organisasjonsmodell i kommunen. Der er utfordringar i at det ikkje finst ei samla oversikt over aktivitetane, og at samla informasjon om ansvarsgruppene ikkje har vore halde ved like. Det er òg slik at ikkje alle ansvarsgruppene har ei fastlagt, strukturert liste over deltakarar. I nokre tilfelle er det ikkje klårt kven som eigentleg er representanten for den einskilde tenesta. Kven som deltek i ei ansvarsgruppe vil òg endre seg over tid, utan at det alltid er synleg i lista over registrerte deltakarar. Eg har brukt mitt beste skjønns for å framskaffa ei samla oversikt.

Vidare arbeid

Det neste skritt bør vera å ferdigstille denne rapporten så lang mogeleg, med målsetting å gjera ei fullstendig kartlegging av ansvarsgruppene i Meland, kor mange dei er, kven som er deltakarar osv. Basert på denne oversikten må det etablerast kontinuerleg registrering.

Oversikt over ansvarsgrupper, koordinator og individuelle planar er nødvendig for å kunne sikra hensiktsmessig teneste til brukarane, med ein fornuftig bruk av ressursar.

Frekhaug, 9. mars 2015

Rannveig Vatshelle Bovim

Koordinator